

# **Velkommen til konfirmasjon i Masfjorden!**



**Endeleg min tur til å vere  
KONFIRMAN†**

Neste år kan du som er fødd i 2011 feire konfirmasjon i kyrkja.  
**Velkommen som konfirmant i Sandnes, Solheim eller Frøyset kyrkje!**

Her finn du informasjon om konfirmasjonstida, påmelding, nokre viktige datoar m.m.

Det første som skjer er infomøte i Frøyset kyrkje tysdag 17. juni kl. 18.

# Ei tid for fellesskap og til å tenkje sjølv

Konfirmasjonstida handlar om å få tid til å undre seg, utforske og erfare meir av kva den kristne trua er. Det handlar om livet ditt og spørsmåla dine, og vi håpar og trur at du kan få lære meir om både Gud og deg sjølv i løpet av dette året. Vi ønskjer deg velkommen til å vere konfirmant i kyrkja i Masfjorden!

## Kva er konfirmasjon?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å bekrefte» og «å gjere sterk».

Konfirmasjonen er ei påminning om at Gud i dåpen sa ja til å vere ein del av ditt liv. Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når du blir bedt for. I bøna ber vi Gud om å velsigne deg og å styrke deg på din veg vidare i livet.

## Konfirmasjon er for alle

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja – både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. Alle menneske er ulike, og vi treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, ta gjerne kontakt.

## Dåp

Er du ikkje døypt og lurer på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan, og du er heller ikkje aleine! Over tusen ungdomar vert kvart år døypt før konfirmasjonen.

## Presentasjonsgudstenester

Dei nye konfirmantane vert presenterte på «Supersøndag» i «si» lokale kyrkje  
17. august i Sandnes kyrkje kl. 11.00  
31. august i Solheim kyrkje kl. 11.00  
31. august i Frøyset kyrkje kl. 14.00



**KONFIRMAN\***  
**2026**

## Konfirmantsamlingar

Vi legg for det meste opp til samlingar nokre helger med undervisning og godt fellesskap. Første samling vert på Nordbygda laurdag 20. september. I år er det Friluftslivets år og fleire av møtepunkta kan verta utandørs. Det er fasteaksjon ein av dagane før påske og ein større konfirmantfestivaldag i Knarvik laurdag 14. mars 2026. Fleire datoar vert gjort kjent etter kvart.




## Konfirmasjonsgudstenester

*Frøyset kyrkje 26. april 2026  
Sandnes kyrkje 3. mai 2026  
Solheim kyrkje 10. mai 2026*



## Infomøte

Tysdag 17. juni kl. 18-19 ønskjer vi nye konfirmantar med foreldre/føresette velkomne til eit felles orienteringsmøte i Frøyset kyrkje. Her snakkar vi saman om konfirmantåret, ulike samlingar, datoar, oppgåver, pris m.m. Og det vert tid til å stilla spørsmål.



## Påmelding

Påmeldinga er no open og varer fram til seinast 10. august. Gå inn på <https://masfjorden.kyrkja.no> og fyll ut skjema for påmelding under artikkelen "Konfirmasjon 25-26".

Ver nøyne med å få riktige namn og adresser og meld frå om allergiar, ulike behov og elles det vi treng å vita. Ønskjer de spesiell tilrettelegging, meld gjerne frå om dette i god tid, også om de ønskjer å snakka med prest eller konfirmantmedarbeidar.

Vi ser fram til eit fint konfirmantår saman!

Helsing staben i Kyrkja i Masfjorden. Kontakt oss gjerne:

**Konfirmantmedarbeidar** Alf H. Helland har mobil 92 02 01 48 og epost [alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:alf.holmaas.helland@kyrkjaimasfjorden.no)

**Sokneprest** Torbjørn Sæle har mobil 95 14 16 85 og epost [torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no)

**Kyrkjekontoret** har tlf. 56 16 62 61 og epost [post@kyrkjaimasfjorden.no](mailto:post@kyrkjaimasfjorden.no)





# KONFIRMAN†

## 10 gode grunnar til å vere konfirmand

1. Du får oppleve kva kristen tru er. Det er meir enn eit skulefag.
2. Konfirmasjonsdagen er berre din, og du har ein dag der du blir bekrefta for den du er.
3. Du får oppleve eit nytt fellesskap med andre på samlingar, leir og bli kjent med fleire.
4. Du får tid til å reflektere, tenke kritisk og sjølvstendig om tru og kva kristendom er.
5. Du får tid til å reflektere over store spørsmål, og bli kjent med kva du trur på – kva er viktig for deg?
6. På konfirmasjonsdagen får dei som er glad i deg feire deg.
7. I konfirmasjonstida pratar vi om sorg og glede, om livets store og små spørsmål.
8. Du får engasjere deg for andre menneske. Du får også lære kva vi kan gjere for å ta vare på jorda og klimaet vårt.
9. Du blir del av eit større fellesskap. Berre sjå på #konfirmantene på TikTok!
10. Du møter folk med ulike meningar, og saman med dei lærer du noko felles.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Masfjorden sokn